

Årsmelding for Vikebygd Bedehus Betlehem året 2020

Året starta som vanleg med samlingar på annakvar torsdag, og utleige til foreiningsmøte på ein måndag og ein tysdag i månaden, og søndagsskulen med Gullivergjengen på annakvar onsdag.

Me rakk å ha tre møter og ei gladsongsamling før smittevern pga covid19 viruset, gjorde at me måtte stengja ned. Desse fire samlingane var gode, og me var med godt mot. Men meir aktivitet som var felles og offentleg vart det ikkje i 2020. Styret vurderte det slik at bedehuset er for lite til å kunne ha forsvarleg smittevern spesielt med tanke på liten gong, toalett og tid tider tal på deltakarar.

I desember fekk me til eit opptak med song, musikk og høgtlesing som ilag med bilete av bedehuset og aktiviteten, vart lagt ut på facebook og vikebygd.org. Det kom positive tilbakemeldingar frå fleire på dette.

Styret har bestått av Kjersti Hausberg Bjerga (leiar), Arne Tveit (nestleiar), Berit Ryvik Skartland (kasserar og ansvar for utleige) og Inger Karlsen Gåsdalen. Vara har vore Geir Vårvik og Jenny Svendsbøe. Revisorar har vore Helge Eide og Øyvind Valen.

Styret har hatt 2 møter. Arbeid som har blitt gjort: Nedvask av møtesalen, gongen, toaletta, og ein del på kjøkken. Det er blitt kjøpt inn nye kanner til kaffetraktaren, og litt anna. Det vart og rydda noko meir på loftet.

Huset har vore utleigd 11 gonger. Det har blitt nytta til foreiningsmøte, Pensjonisten, søndagsskuletreff, private arrangement i tillegg til Ukrainainnsamling i haust og 4 egne arrangement.

Vikebygd 17.03.2021

Kjersti Hausberg Bjerga

For styret